

# **NO SER EG ATTER SLIKE FJELL.**

1. No ser eg etter slike fjell og dalar,  
som deim eg i min fyrste ungdom såg,  
og same vind den heite panna svalar  
og gullet ligg på snjo som fyrr det låg  
Det er eit barnemål som til meg talar,  
og gjer meg tankefull men endå fjåg  
Med ungdoms minne er den tala blanda,  
det strøymer på meg so eg knapt kan anda

2. Ja, livet strøymer på meg som det strøynde  
når under snjo eg såg det grøne strå  
Eg drøymer no som fyrr eg alltid drøynde  
når silke fjell eg såg i lufti blå  
Eg gløymer dagens strid, som fyrr eg gløynde,  
når eg mot kveld eit glimt av sol fekk sjå  
Eg finner vel eit hus som vil meg hysa,  
når soli heim til natti vil meg lysa

3. Og kvar ein stein eg som ein kjenning finner,  
for slik var dei eg sprang ikring som gut  
Som det var kjempor spør eg kven som vinner  
av den og denne höge andre nut  
Alt minner meg, det minner, og det minner,  
til sola burt I snöen sloknar ut  
Og in i siste svevn meg eingang huggar  
det gamle minne og det gamle skuggar

*/Norsk visa med ord A. O. Vinje 1818-1845. Mel. av Edvard Grieg  
1843-1907/*